

---

**Fra:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Sendt:** 29. november 2017 11:20  
**Til:** 't-hall@online.no'  
**Emne:** Veileding ifm. oppføring av garasje i tråd med dispensasjon - gbnr 188/248 Gjervik Ytre  
**Vedlegg:** 5154-nabovarsel.pdf; 5155-opplysninger-gitt-i-nabovarsel.pdf; 5156-kvittering-for-nabovarsel.pdf; Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4.pdf; Naboliste - gbnr 188\_248.pdf; Situasjonsplan - gbnr 188\_248.pdf; NKF veileder teikningar.pdf

Hei.

Vi viser til dykkar førespurnad i dag i høve søknad om oppføring av garasje på gbnr 188/248 Gjervik Ytre i tråd med innvilga dispensasjon av 24.11.2017. Dispensasjon gjev eit maksimum areal for garasjen. Ein mindre garasje kan settast opp i tråd med dei vilkåra som er satt i vedtaket.

Oppføring av garasjen på 45,5m<sup>2</sup> er eit søknadspliktig tiltak utan ansvar, jf. plan og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 3-1 bokstav b). Søknaden krev ikkje at det vert nytta ansvarleg føretak, men kan søkjast av dykk som heimelshavar, sjå Blankett 5153, «Tiltak utan ansvarsrett», sjå link til dibk.no <https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/>

Søknaden skal nabovarslas, sjå vedlegg for blankett 5154, 5155 og 5156. Blankett 5154 skal leverast til nabo/gjenbuarar som vert varsla. Blankett 5155 - gjenpart av nabovarsel - skal leverast til kommunen. Blankett 5156 – kvittering for nabovarsling – skal leverast kommunen. Dei kan sendast rekommandert eller kvitteras ved personleg oppmøte. Merk at naboar/gjenbuarar har 14-dager til å kome med evt. merknadar. Naboliste er vedlagt, sjå vedlegg. Dersom garasjen kjem nærare nabo, gbnr 188/77, enn 0,8m slik det er illustrert i dispensasjonsvedtaket, må ny naboerklæring sendast inn, sjå vedlegg

I tillegg må det leggst ved målsatt situasjonsplan som viser avstand til nabogrenser, midten av kommunal veg samt avstand til andre bygningar, sjå vedlagte situasjonsplan som kan nyttast.

Av innsendte teikningar i dispensasjonssøknaden, må desse sendast inn ved søknad om oppføring av garasje og det må leggst ved ein målsatt snitt-teikning, sjå vedlagte NKF veileder.

**Tone Furustøl** | rådgjevar byggesak

E-post: [tone.furustol@lindas.kommune.no](mailto:tone.furustol@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 54 01  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

